



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anne Tandberg, 5557 2267

Informasjon om sentralt gitt eksamen i grunnskulen våren 2026

Statsforvaltaren viser til informasjon frå Utdanningsdirektoratet om trekking av fag og påmelding av kandidatar til skriftleg eksamen i grunnskulen:

[§ 9-27 Oppmelding til eksamen | udir.no](#)

[§ 9-28 Eksamensformer, tidsramme og trekk av elevar til eksamen | udir.no](#)

[§ 9-29 Talet på eksamenar i grunnskolen | udir.no](#)

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/administrere-eksamen/#>

PAS-eksamen opnar 19. januar 2026 for registrering av fagkodar og kandidatar. Innan 1. mars må alle kandidatar som skal gjennomføre skriftleg eksamen i grunnskulen våren 2026, vere registrerte med fagkodar i PAS-eksamen.

Ansvar

Etter § 9-26 i forskrift til opplæringslova har kommunen ansvar for trekking av fag og elevar til sentralt gitt eksamen i grunnskulen. Kommunen har òg ansvaret for den praktiske gjennomføringa av eksamen.

Deltakarar i førebunde opplæring for vaksne følgjer reglane om trekk for grunnskulen i § 9-28. Vi viser elles til informasjon om eksamen i FOV på [Endringer i eksamen | udir.no](#)

Vi minner om at vertskommunen også har ansvaret for trekking av fag og elevar for eventuelle friskular i kommunen, jf. forskrift til privatskulelova § 6-26.

Organisering av trekket

Kommunen må

- innhente opplysingar frå dei kommunale og private grunnskulane og vaksenopplæringscenter om kandidatar som skal avlegge skriftleg grunnskuleeksamen våren 2026.



- trekke grupper og fag til eksamen på bakgrunn av oversyn over prøvegrupper fra skulane. Trekkfaga har følgende kodar:

- engelsk: ENG0030
- matematikk: MAT0015
- norsk: NOR0218 (hovudmål) og NOR0219 (sidemål).

Elevlar som er trekte ut i norsk skal meldast opp til eksamen både i hovudmål og sidemål. Elevlar som har fritak frå vurdering i skriftleg sidemål skal berre meldast opp i NOR0218.

Førebuande opplæring for vaksne har følgjande fagkodar:

-engelsk modul 4: ENGV010
-matematikk modul 4S: MATV011
-matematikk modell 4Y: MATV012
-norsk modul 4: NORV017
-norsk språklege minoritetar modul 4: NORV021

Merk: Det er Utdanningsdirektoratet som gjer trekket for elevlar med teiknspråk. De skal difor melde kandidatane på i NOR0064 Norsk teiknspråk. Etter påmeldingsfristen vil Utdanningsdirektoratet kontakte skular med påmeldte kandidatar med beskjed om trekkfaget. [Administrere eksamen | udir.no](https://eksamen.udir.no/)

Kommunen må kontrollere at trekket fordeler seg jamt på fag og skular over tid og gje skulane og vaksenopplæringa melding om trekkresultat så snart trekket er gjennomført.

Påmelding av kandidatar i eksamensadministrasjonssystemet

Påmelding av kandidatar til eksamen skjer i systemet PAS-eksamen: <https://eksamen.udir.no/>

Skulane og vaksenopplæringssentra må innan 1. mars

- melde på kandidatane i PAS
- **bestille materiell i PAS** til kandidatar med trong for særleg tilrettelegging [Administrere eksamen \(udir.no\)](https://eksamen.udir.no/).

Ved påmeldinga må alle som skal avlegge skriftleg grunnskuleeksamen, knytast til ein bestemt fagkode. Merk at dei som skal avlegge eksamen i norsk skriftleg, og har **fritak for vurdering med karakter i skriftleg sidemål, berre skal meldast på i fagkoden NOR0218.**

Det er berre eksamenskandidatar som skal gjennomføre eksamen som skal meldast på i PAS. Elevlar som er fritekne frå vurdering i faget, jf §§ 9-18 og 9-19 i forskrift til opplæringslova, eller dei kandidatane som etter søknad er fritekne frå eksamen, jf § 9-24 i forskrifta, skal ikkje meldast på i PAS.

Vi ber skulane vere merksame på kandidatar som melder flytting og sluttar på skulen mellom påmelding til eksamen og avvikling av eksamen. Desse kandidatane må slettast frå eksamensgruppene i PAS og meldast opp att ved den nye skulen.

Dersom det skjer endringar i påmeldinga etter at påmeldingsfristen er gått ut, må skulen snarast kontakte Statsforvaltaren.



Eksamenstrekket er konfidensielt

Alle som får tilgang til opplysningar om trekkfag i eksamensadministrasjonssystemet, må gjerast merksame på at eksamenstrekket er konfidensielt fram til kunngjeringa av trekkfag **13. mai kl. 0900.**

Forslag til fagpersonar som sensor – frist 1. mars

Deltaking i sensorkorpset er ei betydeleg kompetanseheving i LK20 og vurdering for den einskilde lærar, men også for skulen gjennom at lærarar med sensorerfaring tek med viktig kunnskap tilbake til skulen.

Vi ønsker at flest mogleg skal få høve til å prøve seg som sensor. Vårt mål er å få ei blanding av røynde og nye sensorar, ei tilnærma lik fordeling mellom kjønn og best mogleg geografisk spreiding.

Vi har ikkje kjennskap til alle fagpersonar som er foreslått. Rektor si kvalitetssikring er difor svært viktig for sensuren. Rektor må difor vurdere om fagpersonen

- ✓ har god innsikt i læreplanane og god vurderingskompetanse
- ✓ er fagleg dyktig og har undervisningskompetanse i faget
- ✓ har erfaring frå undervisning i avgangsklasse
- ✓ er ryddig og har ein påliteleg veremåte
- ✓ har god arbeidskapasitet og samarbeidsevne

Frist for oppdatering av fagpersonregisteret i PAS- eksamen er 1. mars

1. Start med å rydde i fagkodar:
 - ✓ Fjern utgåtte/gamle kodar
 - ✓ Legg inn nye fagkodar:
 - Matematikk: MAT0015
 - Engelsk: ENG0030
 - Norsk: NOR0218 (hovudmål) og NOR0219 (sidemål)
2. Dersom fagpersonar allereie er registrerte under fana «fagpersonar», må det hakast av for at dei skal bli foreslått som fagperson våren 2026. Sjekk at dei ligg inne med rett namn, mobilnummer og e-postadresse.
3. Skal du legge til ny fagperson må du ha personnummer, mobilnummer og e-postadresse tilgjengeleg.

Sensorskulering og fellessensur våren 2026

Sensorskuleringa for norsk, matematikk og engelsk finn stad **måndag 1. juni** på Scandic Ørnen, Bergen.

Det er forventa at fagpersonane som vert oppnemnde som sensorar møter på sensorskuleringa. Reiseutgifter og honorar for heile sensoroppdraget vert dekt av Statsforvaltaren/Utdanningsdirektoratet. Vikarutgifter må skulen/kommunen dekke sjølv.

Fellessensur

Statsforvaltaren i Vestland har ansvar for alle dei tre faga i grunnskulen. Fellessensurmøtet for Vestland er fastsett til **torsdag 18. juni** på Clarion hotell Flesland, Bergen.



Udir - PAS-eksamen

I samband med eventuelle endringar i organisasjon og roller, er det er viktig at kommunen og skulane oppdaterer persondata knytt til roller i PAS-eksamen – spesielt gjeld det korrekte namn i ulike roller og eventuelt nye e-postadresser.

Vi ber kommunen orientere aktuelle skular om innhaldet i dette brevet.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Anne Tandberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:



Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPSTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE



Gloppen kommune
Gulen kommune
Hyllestad kommune

Grandavegen 9
Eivindvikvegen 1119
Kommunehuset

6823 SANDANE
5966 EIVINDVIK
6957 HYLLESTAD